

Hellandsvassdraget fallrettslag(HFL) er positive til planendringane til SKL.

For oss som er grunneigarar av elva og arealet rundt, vil endringa berre vere positiv.

#### Helikopter trafikk:

- Ingen helikoptertrafikk er miljø messig ein stor fordel.
- Vi er to som driv med sau, til saman ca 500 stk på beite i fjellet (600 stk neste år). I samband med boreholet i Svartavatnet no i år, har det vore ein del helikopter trafikk. Dette har medført store utfordringar for oss. Sauene har trekt vekk i frå dei faste beiteområda sine, noko som har medført at arbeidet med å få dei heim har meir enn dobla seg. Det har og gått ut over økonomien; områda dei har trekt til har dårlegare beite og det har gitt lågare slaktevekt på lamma.

#### Røyrgate/boring:

- Det er positivt å grava ned røyrgate i staden for boring. Ein slepp då problematikken rundt drikkevassforsyninga.
- Ein slepp boreholspåhogg og riggområde, ein får bare ei forlenging av røyrgatetraseen.
- Etter nokre år vil røyrgata gro igjen, og ein får eit område med godt beite for både husdyr og vilt.
- Både gardane på Helland (sørsida av elva) og Onarheim (nordsida av elva) driv med aktivt skogbruk, at ein får opne hogstfelt i området er difor heilt naturleg. Det vil i løpet av 5 år bli hogge ut plantefelt på ca 50 dekar på Helland. I tillegg vil det bli rydda/hogge i dei områda som ikkje har økonomisk drivverdig skog (område med dårleg bonitet/øvre del av skogen), for å laga betre beite.

#### Økonomi:

- Røyrgate i grøft vil gi betre økonomi i prosjektet for alle dei involverte, Kvinnherad kommune, SKL og grunneigarane.
- Vi som grunneigarar meiner at det er bare rett og rimeleg at planendringa blir godkjent. Det at inntaket blei flytta ned frå Bremstølen medførte dårlegare økonomi i prosjektet. Vi synest det var urettferdig at vi som eig fallet ikkje skulle kunne få utnytta den delen av det vassdrag. Dette vassdraget er frå før regulert frå Svartavatnet der det startar, til det renn ut i sjøen på Opsanger. Denne planendringa bøter litt på det tapet av fall som ein mista med å måtte flytte inntaket ned frå Bremstølen.

Erling Helland

HFL